


ÅRSMELDING 2022



**Strand kyrkjelyd
- kyrkje med rom for alle**

STRAND SOKNERÅD

Odd Bjørn Næss, leiar	<i>Vararepresentantar</i>
Marita H. Vasstveit, nestleiar	Trine M. Ø. Sørskår
Eli Nesvåg	Nicolien Haasbroek
Eirik Stople	Marta Frantzen
Britt Karin K. Grødem	Kristoffer Nåden Havn
Ole André Straume	Valborg Løge Sandvik

Martin Ivar Arnesen, sokneprest
Liv Åse Gaard, sekretær

Soknerådet har hatt 9 møte og handsama 52 saker i 2022.

Kulturutval:


Magne Grødem, Synnøve Keilegavlen Nygård, Trond Hjorteland,
Aslaug Elin Kleven, Erik Danielsen, Anders Berglund (frå okt)

Diakoniutval:

Karin Dahle, Nils S. Eie, Reidun Fjelde, Marit Nag.

TILSETTE I STRAND SOKN

Sokneprest:	Martin Ivar Arnesen
Organist:	Geir Arve Helvig (til 01.08.) Anders Berglund (frå 01.08.)
Kateket:	Bodil Sande Turøy
Menighetspedagog:	Anita Grødem
Adm.leiar:	Liv Åse Gaard
Kyrkjetenarar:	Wenche Krogevoll Ivar Haugvaldstad Dmytro Sivertsen
Ungdomsdiakon:	Mikael Skappel Zülów (til 15.08.)
Diakoniarbeidar:	Marta Frantzen (frå 01.11.)
Kyrkjegardsarbeidar:	Fikret Abedinoski Jan Langeland
Kyrkjevevje:	Magnus Stokka (frå 26.09.) / Liv Åse Gaard (fung. kyrkjevevje)



GUDSTENESTER OG TAL 2022

I Strand sokn er det 4057 medlemmer pr. 31.12.22 (28 færre enn 2021). Det er gudsteneste nesten kvar søndag, samt heilagdagar. Mange aktive frivillige, og tenesteheftet blir sendt ut til ca. 80 husstandar kvart semester.

Covid-19 førte også i 2022 til restriksjonar på frammøte, 50 personar, men gjaldt berre ei gudsteneste i januar.

I statistikken vil spesielt tal på gudstenester, frammøte, inntømme i offer – vere avvikande i 2021 og 2020 pga. koronapandemien.

Strand kyrkjelyd	2018	2019	2020*	2021*	2022
Døyppte	50	45	63	62	46
Vigsler	17	13	12	18	15
Gravferder	33	21	40	40	43
Konfirmantar	55	51	47	57	55
Innmeldte i DnK	2	1	0	6	2
Utmeldte i DnK	13	27	20	47	23
Hovudgudstenester (m. lør.)	50	48	53	52	47
Gj.snitt frammøte	148	140	76	104	165
Gudstenester m. nattverd	15	17	10	18	19
Gj.snitt nattverdsgjestar	83	78	55	77	84
Inntømme kyrkjeoffer i alt	295 706	281 441	196 726	318 835	336 838
Av dette til eiga verksemd	78 506	66 905	39 650	131 320	150 110
Inn givarteneste og gåver til krk.l.arbeidet	129 100	114 035	105 900	109 578	127 294

TRUSOPPLÆRINGSMIDLAR 2022

INN Tildelte midlar 2022 **453 000,00**

UT

Lønn (men.h.pedagog, kateket) 440 350,00

Adm. kostnader 22 650,00

SUM UT **453 000,00**

REKNESKAP 2022

UT

Overført offer til andre	264 370,00
Overført innsamla til andre	7 319,40
Lønn (men.h.pedagog, ungd.arb.)	167 667,00
Driftsutgifter	346 563,57
SUM UT	785 919,97

INN

Offer til andre i gudstenesta	264 300,00
Innsamla til andre (Fasteaksjon, basar, tivoli)	5 900,00
Offer til eiga verksemd i gudstenesta	72 468,00
Givarteneste	87 800,00
Eigenbetaling div aktivitetar, turar,	109 520,00
Diverse sal og liknande	107 425,00
Gåver, tilskot	123 681,01
Refusjon frå staten (MVA)	22 529,00
SUM INN	793 693,01
Brutto driftsresultat	7 773,04
Renteinntekter	7 696,00
Netto driftsresultat – Avsett på fond	15 469,04

BALANSE

Bank 31.12.2022	291 731,62
Fordringar/kasse	44 090,00
SUM EIENDELER	335 821,62
Disposisjonsfond frå 2021	253 601,07
Årets resultat	15 469,04
Sum egenkapital	269 070,11
Kortsiktig gjeld	66 751,51
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	335 821,62

REKNESKAP NY KYRKJE 2022

UT

Overført Strand krk. Fellesråd (innsamla til ny kyrkje)	1 020 000,00
Andre driftskostnader	109 409,80
SUM UT	1 129 409,80

INN

Givarteneste og gåver privatpersonar	636 750,00
Gåver frå firma	92 500,00
Gåver frå foreiningar o.l.	19 935,00
Utleige, inngangspenger, sal	186 955,00
Offer	77 642,00
Vårbasar	33 730,00
MVA-kompensasjon	9 639,00
SUM INN	1 058 151,00
Brutto driftsresultat	- 71 258,80
Renter	10 425,00
Netto driftsresultat – Bruk av fond	- 60 833,80

BALANSE

Bank 31.12.2022	162 369,67
Fordringar/kasse	47 304,00
SUM EIENDELER	209 673,67
Disposisjonsfond frå 2021	69 765,47
Årets resultat	- 60 833,80
Sum eigenkapital	8 931,67
Kortsiktig gjeld	200 742,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	209 673,67

NETTO INNSAMLET PR 31.12.2022: 6 278 931
MÅL: 11 000 000

KYRKJENE

Strand kyrkje (innvigd 04.11.1874)

Etter at Tau kyrkje blei ferdig, blir gudstenestene haldne her, medan vigsler og gravferder er i Strand kyrkje. Solcelletaket på taket produserer årleg ca. 20 000 kWh. Kyrkja har varmestyringsanlegg.



Tau kyrkje (innvigd 12.09.2021)



Gudstenestene er i Tau kyrkje. Kyrkja er også i høgste grad ei kvardagskyrkje som er i bruk heile veka og fylt med aktivitetar. På dagtid er det utleige til Strand VGS, og på ettermiddag/kveld ulike tilbod til barn, unge og vaksne som kor, klubb, konfirmantarbeid,

temasamlingar, foreiningsmøter, kulturkveldar, konsertar osv.

Uteområdet blei gjort ferdig på dugnad våren 2022.

Kjellaren blei ferdig innreia i slutten av august.


Strand sokneråd har konto for gåver og givarteneste til Tau kyrkje og skal samle inn 11 millionar kroner inkludert kjellaren.

Pr. 31.12.22 var det samla inn ca. kr 6,3 mill.

PREIKESTOLEN

Preikestolen er felles kyrkjeblad for Strand, Forsand og Hjelmeland. Bladet kjem i eit opplag på ca. 7 400 blader og går ut til alle husstandar i Strand, Forsand, Årdal, Fister og Hjelmeland.

Olav Frantzen var redaktør og Marton Fiskå grafisk formgivar for bladet.



I 2022 blei det gjeve ut 4 nummer.

Det kom inn kr. 101 162 (2021: 138 343) i frivillig abonnement frå ca. 344 husstandar (2021: 490) og kr. 63 400 (2021: 72 800) i støtteannonsar frå bedrifter.

I styret for Preikestolen sat:

Kyrkjevevje i Strand - Liv Åse Gaard (fung. kyrkjevevje)

Kyrkjevevje i Hjelmeland - Reidunn Ferstad

Dagleg leiar i Forsand - Siv Fossan

prost Sigrid Sigmundstad/Sigrunn H. Arnesen, red. Olav Frantzen.

Arbeid for barn 0-12 år

Lokal plan for trusopplæring blei godkjent i 2016.

Det var i 2022 983 døypte barn i alderen 0-17 år.

0 år - Babysong

Kvar veke i jan.-april og sept.-des.
Barna får en CD. 38 barn har vore innom (73%)



1-3 år - Barnesong

Kvar veke jan.-april og sept.-des.
22 barn har vore innom (43% av 2-åringar).

3 år - Myldresamling

Myldresamling i kyrkja med song, andakt, leik og servering.
11 barn deltok (30%).

4 år –

Fest med foresatte 12 barn (32%)

Gudsteneste med utdeling av kyrkjebok, 22 barn (59%)

8 år – Kongeklubben

19 barn, (36%)

9 år – Tårnagenthelg

I kyrkja laurdag ettermiddag og gudsteneste søndag.
15 barn, (36%)

10 år - Haustferieleir på Vaulali

Leir over to døger. Tema: Bibelen. 20 barn deltok (31%).

11 år - LysVaken

Første helga i advent med opplegg i kyrkja laurdag ettermiddag/kveld, og deltaking på gudsteneste søndag.
20 barn deltok (42 %).

Søndagsskule under gudstenester

Det var søndagsskule 17 gonger fordelt på to grupper, 3-7 år, 8-12 år. Gjennomsnitt frammøte er 20 stk.



Tau Barnegospel

Barnegospel er for barn frå 4 år og oppover. Dei har øvingar annakvar tysdag med eit snitt på 30 barn som deltar. Kveldsmat etter øvinga.

Tau Tweens

Hausten 2022 blei barnegospel delt – og nytt kor er for dei som er 10-13 år. Ca 15 medlemmer i koret. Felles kveldsmat med Tau Barnegospel før korøvinga, som er annakvar tysdag.

Tau Barneklubb

Oktober 2022 blei det starta klubb for barn i alder 5-10 år. Det er samling annakvar måndag kl. 16-17.30. Samlinga inneheld måltid med varm mat, andakt e.l. og ein hobbyaktivitet for barna. Opptil 70 barn og 30 vaksne på barneklubben.

Barnehagesamarbeid

Alle barnehagane deltok på julevandring med 4- og 5-åringar i desember. Ein barnehage kom på påskevandring.

Skulesamarbeid

Endeleg fekk me arrangere skulegudstenester i Tau kyrkje, alle skulane deltok fordelt på 5 gudstenester.

Me hadde påskevandring for 2.trinn og pinsevandring for 4.trinn

Grønt hjarte

Miljøgruppe for barn i alderen 2.-7.klasse, samling ein torsdag i månaden. Dei lagar fuglemat, sår og haustar grønsaker, sår blomster, lagar mat og lærar om naturen.



Arbeid for unge 13-20 år



Konfirmasjonstid 2021/2022

Dette kullet starta med to dagars leir på Vaulali.

Året elles består av undervisning, gudstenester, heimegrupper, digital innsamlingsaksjonen, konfirmantfest med meir.

Konfirmasjon tilbake på våren.

55 blei konfirmerte i 2022, (79%) i tillegg blei 10 konfirmert andre stadar (Jørpeland, Tau bedehus, IMI)

Basic (ungdomsklubb)

Basic starta opp i oktober 2022 og er ein ungdomsklubb for ungdom i ungdomsskulealder. Basic held til i kyrkjekjellaren. I kjellaren er det er biljardbord, bordtennisbord, airhockey, brettspel, TV til playstationspel/X-boxspel, anlegg til å spele musikk og sal i kiosken. Ungdommane kan starte klubbkvelden i gymsalen på Strand vgs. / Tau barneskule (har variert mellom desse) eller i kyrkja.

Ca. 20.30 samlast me til ein liten andakt / tema som ungdom er opptekne av. Etterpå pleier ungdom å stå i kiosken og selje varm mat (som nokre av dei har vært med å lage) og andre kioskvarer. Me har som regel hatt ein felles kahoot også, og nokre gonger andre «leiker». (Til dømes grip mikrofonen)

Basic + (ungdomsleiargruppe)

Etter oppstart av ungdomsklubb såg me at det kunne vere nyttig å ha ei ungdomsleiargruppe som kan vere med å drive ungdomsarbeid i kyrkja. Ein god gjeng reiste på leiartreningsleir på Furutangen, og vart deretter med i ei gruppe her i kyrkja. Me rakk eit par samlingar før nyttår, og planen vidare er ein samling i månaden med desse. Gruppa består i dag av 15 ungdommar – alle frå 8. trinn.

På samlingane lagar me mat, snakkar saman og har det sosialt. Desse fungerer nå som eit styre i ungdomsklubben, og er med og lagar mat der, står i kiosken og andre oppgåver.

Fleire av dei har også vært med i andre samanhengar, som til dømes hjelpeleiarar på barneklubben.

Leiartrening og ungdomssamlingar FollowMe

Gjennom undervisning og praksis skal ungdommane utvikle seg som kristne og som leiarar i kyrkjelyden. Det har vore samlingar ca. ein gong i månaden, fysisk eller digitalt gjennom heile året. 17 ungdommar har vore med gjennom året.



MISJON



Misjonsprosjekt

Strand kyrkjelyd har misjonsavtale med NMS om 2 prosjekt:
Menighetsbygging i Estland
Landsbyutvikling på Madagaskar

Soknerådet har avtale om desse 2 prosjekta ut 2024.

Ein vil ha fokus på misjon i kyrkjelyden ved å

- Gi 8 offer i året til misjonsprosjekta.
- Be for misjonsprosjekta i gudstenesta
- Be for misjonærer som er ute i teneste
- Informere om misjonsprosjekta

Det var 9 ofringar i kyrkja til Misjonsprosjekta i 2022
Innsamla: kr. 70 362

KULTUR

Kulturarrangement

Kulturutvalet stod for mange kulturarrangement i 2022. Det var temakvelder med Knut Holter, Jon N. Nessa, Olaug og Jan Frode Bollestad, Alf Kjetil Walgermo, Heidi Wigestrاند.

Det var arrangement som: Konsert/bokpresentasjon med Edvard og Ine Hoem, Påskechurch med Stavanger Gospel Company og Per Arne Dahl, Tønes-konsert, temakonsert psykisk helse med Solveig B. Rob og Morten Samuelsen, Rockesokk-konsert, konsert med Bjørn Vige (sørlandsviser).



I tillegg var det konsertar i kyrkja ved andre eller ved utleige – Insimul (klassisk samtidsmusikk), Øklands, Kornelius julekonsertar, Thea Sofie Barka og Mathias Keilegavlen m/vener.

Aktiv-klubben

Aktiv-klubben har eige styre, men er ein del av kulturutvalet sitt arbeid. Aktivklubben starta opp igjen i mars 2022 etter å ha vore nedlagd under pandemien. Det er samling siste måndagen i månaden. Program: Tema/foredrag, måltid, drøs, kveldstankar. Frå 50-180 frammøtte på Aktivklubben.

Tema i 2022 ved: Arne Kleppa, Merethe Aanestad, Irene Heng Lauvsnes, Mette Helene Østerhus, Anne Norunn Helgøy, Oddgeir Bruaset.



FLEIRE TILBOD

Open kyrkje - bønneteneste

Det er open kyrkje om lag annakvar måndag kl. 18-19. Bønnesamling ein halvtime før kvar gudsteneste.'

Alphakurs – starta opp oktober 2021, og hadde samlingar til mars i 2022.

Strikkekafé

Strikkekafé på kyrkjetorget ein måndag i månaden kl. 19-21.

Klubb for ungdom med hjelpebehov

Klubben har klubbkveld ein tysdagskveld i månaden i Jørpeland kyrkje, aldersgruppe 15-30 år. Frammøte ligg jamt på 35 stk. Det er vaksenleiarar frå Strand og Jørpeland kyrkjelydar som driv klubben.

Helsing til jubilarar

Jubilarar får helsing frå kyrkjelyden ved fylte 85, 90, 95, 100 år. Diakoniutvalet går med blomster og brev.

Sorggrupper

Det har vore ei sorggruppe vinteren 2022/2023 i Tau kyrkje – samarbeid med Jørpeland sokn.

Innsamling og utdeling av julegåver

I desember arrangerte kyrkjelyden i samarbeid med Strand VGS avd. helsefag - innsamling av mat og julegåver til flyktningar. Det blei levert ut mat og julegåver til ca. 30 familiar.

Juletreff i romjula.

Soknerådet arrangerte juletreff ein ettermiddag i romjula. Ca 50 personar deltok, eit positivt tilbod som soknerådet ønskjer å halde fram med.

**GIVARTENESTE
STRAND KYRKJELYD**

*

Innsamling Tau kyrkje:

Kontonr. 3205 20 60477

*

Trusopplæring barn og unge:

Kontonr. 3205 30 02233

*

Gåver gir rett til skattefråtrekk